

**Fra:** Trude Bruket <trude.bruket@regionnordhordland.no>  
**Sendt:** onsdag 27. september 2023 09:35  
**Til:** NKRF – kontroll og revisjon i kommunene  
**Kopi:** fkt@fkt.no; Torbjørg Grøttveit Gjerstad  
**Emne:** Høyringsvar . Anbefalinger for god skikk og praksis i kontrollutvalgssekretariatene - budsjett for kontrollarbeidet

Viser til førespurnad om å gje høyringsvar til *Anbefalinger for god skikk og praksis i kontrollutvalgssekretariatene - budsjett for kontrollarbeidet*.

Under listar eg opp nokre merknader og kommentarar:

- Det står at utgifter til revisjonstenester bør splittast opp i fem budsjettpostar. Desse tala vil vera vanskeleg å frambringa, både i kommunar der revisjon er konkurranseutsett og der det er kommunal revisjon. Det mest hensiktsmessige er gjerne å splitta opp i eitt tal for rekneskapsrevisjon (inkludert etterlevingskontroll) og eitt for forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre tenester utført av revisor.
- I punkt 9 står det at sekretariatet kan «*sette opp en økonomiplan for kontrollarbeidet de neste fire årene.*» Vil dette vera hensiktsmessig kvart år, eller i første år i fireårsperioden? Kva bør ein slik økonomiplan innehalda for at den skal vera hensiktsmessig og opplysende for kontrollutvalet?
- I punkt 12 står det at sekretariatet bør føreta budsjettkontrollar og blant annet kontrollere
  - *at godtgjøring til kontrollutvalgets medlemmer er riktig.*
  - *at godtgjøring til kommunestyrets representant i kontrollutvalget er riktig.*Det vil vera vanskeleg for sekretariatet å få full innsikt i om kvar enkelt medlem får den godgjersla som er korrekt. I våre kommunar ligg denne oppgåva til politisk sekretariat.
- Det står ingenting om korleis budsjettoppsettet bør sjå ut. Bør ein inkludera rekneskap frå fjoråret (i praksis to år før), budsjettframlegg frå fjoråret og prognose for inneverande år, altså t.d. fire kolonner?

Med venleg helsing  
Trude Bruket

Kontrollutvalssekretariatet | Region Nordhordland IKS  
Mobil 97 01 98 93 | [www.regionnordhordland.no](http://www.regionnordhordland.no)